

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. Fylke: Møre og Romsdal
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Sande.
 Emne: Ard og Plog. Bygdelag: Voksa
 Oppskr. av: Torvald Baade Gard: Voksa
 (adresse): Voksa. G.nr. 63 Br.nr. 2
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1 - 12. Nei ein kan ikkje seie at arden har vori brukt so langt attende som dei som no liver kan minnast. Men namnet ard har vori brukt om vanlege pløgar, og namna på dei ymse deler av ploegen, ber merke etter den tida då arden var ibruk, så ein kan seie at arden må ha vori far til ploegen.
13. No vert det brukt berre fabrikkplogar, kanskje det finnst ein og annan heimesmidd plog enno, men dei er ikkje mange. Overgangen frå dei heimelaga plogar og til fabrikkvara, var vel ikring hundraårskiftet for det meste, men alt i 1870-80 åra kom det ein og annan fabrikkploegen i bruk. Dei gamle plogane var helst laga på garden for det meste. Treverke klutra mannen sjøl ihop. Jarnet og veltefjøla fekk han gjerne ein bygdasmid til å lage, var so han ikkje hadde smidje sjøl eller var ein treneve. Prisen kan heller ikkje ha vore so høg kan eg tru, men akkurat kva den var, skal eg ikkje kunne seie. I skiftet etter oldemor mi i 1840 er registrert 2 plogar: "L. plaug med dobbelt drøtte og harv for 4 rdl. l. ditto med jernskjær som skjønnes for 3 ort."
14. Nei, denne plogtypa trur eg ikkje har vori i bruk her det nokon kan minnast. Dei treplogane som ein kan minnest har vori i bruk, hadde vridd veltefjøl av tre med jarnbeslag framme, eller jarnspiss. Dei kalla det "plogjarne". "Aurskidå" var og av jarn oftast.
15. Nei det har eg ikkje høyrte om, men når hesten kvilde på fora, lånte plogkaren oftast ein spade eller eit grev av dei som "sletta fora" og renska veltefjøla for mold som klabba seg fast.
16. Ein la alltid ploegen på veltefjøla når ein køyrde attende.
17. Det har eg ikkje høyrte om. Namnet "skithel" har eg nok høyrte, men kan ikkje hugse at det var i samband med plog eller pløgging.
18. Det var ikkje uvanlegt at ein annakvart år brukte høg- og vinstrehandsplog, slik ein ikkje velta molda til same sida stødt. Ein sparde seg mykje å "køyre reine" på den måten.
19. ~~20.~~ Plogdjupna var vel so ymse etter som grunnen var. Der var ikkje stille på dei gamle plogane, slik ein kunne regulere kor djupt den skulle gå. Den vanlege dypta var ikring ei 3 a 4 tommar - slett ikkje meir
20. Det var sjeldan eller aldri at ein hadde ristill på ploegen
21. Det er ukjendt når det gjeld vanleg pløgging, men når

det galdt nybrot på seig myr, har det hendt at ein laga seg eit slikt apparat til å skjera grastorva med.

22. Nei, det er ukjent her.

23. Nei slike plogar veit ein ikkje av herikring. Sjø elles under 14.

Ordet Ard og Plog var brukt om same reidskapen forsovidt. Arden var kanskje noko mindre, men elles brukte dei ~~same~~ baa namna for same omgripet. Ein kallar enno plogåsen for ar(d)ås, især eldre folk.

Ordet Ard vart sagt med tydeleg d'lyd. (Her på desse kantar plar ein sjeldan gløyme å seie d'en), Men i ardås f.eks. er d'lyden merkeleg nok burte når ein seier det. Det heiter ein ard og er truleg eit hankynsord.

I det nemnde skifte var registrert desse gardsreidskap til fylgjande pris:

4. arbeidskjørrer med tilbehør blev således taxerede:

a 1 sp. 1 ort pr. stk. tilsammen	4-4-"
1. harv med trætinder som skjønnes for	"-2-"
4. møgslæder som skjønnes for	"-6-"
1. tromle " " "	"-1-"
1. kisteslæde " " "	"-12-"
1. hestesæle " " eenstemmigen for	"-2-"
1. ditto ringere " " "	"-12-"
1. hærsold " " "	"-12-"
1. ny slæde " " " ("-12)	"-12-"
3. jernskufler a 1 ort 16 sk. pr. stk.	
4. hakkegrev a 6 sk. pr. stk.	
1. nytt hakkegrev 1 ort	
4. spadegrev a 8 sk. pr. stk. (trespadar)	
2. møggreb a 4 sk.	
2 træskufler a 4 skill.	
1. jernstør a 1 spd.	
1. høslæde 12 skill.	
1. ditto av samme beskaffenhed 12 skill.	
1. " " " " 12 skill.	
1. plaug etc.	

(Skifte etter Anne Baade slutta 31/12 1840)

1528

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING